

Til Energidepartementet
v/Noregs vassdrags- og energidirektorat
nve@nve.no

Klage på NVE sitt vedtak av 05.06.2026 med ref. 202308754-105 (Vik), 202314192-114 (Refsdal) og 202314192-115 (Hove) – konsesjonsløyve og samtykke til oreigning for transformatorstasjonar i Vik kommune

Vik kommune viser til NVE sitt vedtak av 05.06.2026, der Statnett SF og Sygnir AS får konsesjon til å byggje, eige og drive nye transformatorstasjonar ved Refsdal kraftverk i Vik kommune. Vedtaket gjeld også tilhøyrande tiltak, mellom anna vegtiltak, masselager, omlegging av eksisterande leidning og Sygnir si overtaking og ombygging av Hove transformatorstasjon.

Vik kommune klagar med dette på vedtaket. Klagen er rettidig.

Klagen gjeld den kostnadmessige verknaden av vedtaket, og særleg at kostnader som er utløyste av Statnett sine tiltak i transmisjonsnettet grunna behov i Bergensområdet, blir liggjande igjen lokalt gjennom investeringar til det lokale nettselskapet Sygnir og auka nettleige i Vik kommune.

Vik kommune ber om at NVE gjer om vedtaket, eller at saka blir sendt Energidepartementet med tilråding om at det blir sett vilkår i Statnett sin anleggskonsesjon. Vilkåret må sikre at Statnett dekkjer naudsynte og dokumenterte kostnader som Sygnir blir påført som direkte følgje av Statnett sine konsesjonsgjevne tiltak i Vik kommune.

Klageinteresse

Vik kommune er vertskommune for tiltaka og har ei direkte og vesentleg interesse i saka. Vedtaket har verknader for arealbruk, lokalsamfunn, næringsliv og innbyggjarar i kommunen. I tillegg vil kostnader som blir påført Sygnir vidareførast til lokale nettkundar, inkludert innbyggjarar, næringsliv og offentleg verksemd i Vik kommune.

Kommunen har difor rettsleg klageinteresse.

Bakgrunn for klagen

Statnett sine tiltak i Vik er del av ei større utvikling av transmisjonsnettet. Formålet er primært å styrke overføringskapasiteten inn mot Bergensområdet. Dette er nasjonale og regionale behov som ligg utanfor Vik kommune og Sygnir sitt lokale nettområde.

Samstundes fører Statnett sine tiltak i transmisjonsnettet til at eksisterande tilknytingar må endrast. Det lokale nettselskapet Sygnir må etablere nye anlegg og gjennomføre kostnadskrevjande tiltak i underliggjande nett for å oppretthalde tilknyttinga til overliggjande nett.

Desse tiltaka er ikkje utløyste av eit lokalt kapasitetsbehov i Vik, men av Statnett sine planar i transmisjonsnettet for å løyse nettsituasjonen i Bergensområdet. Dette står òg tydeleg i bakgrunn for konsesjonsvedtaket frå NVE: *«NVE mener at behovet for å etablere nye Vik transformatorstasjon er godt begrunnet. Tiltaket inngår i Statnetts planer for å bedre overføringskapasiteten inn til bergensområdet på strekningen Sogndal–Modalen–Kollsnes. Bergensområdet er et underskuddsområde som er avhengig av tilførsel av kraft, og forventet forbruksvekst vil svekke*

forsyningssikkerheten. I tillegg er en stor andel av nettanleggene i området gamle. NVE mener at den valgte løsningen for å forsyne bergensområdet er samfunnsmessig rasjonell. Løsningen styrker forsyningssikkerheten og tilrettelegger for en fleksibel utvikling av nettet.»

Dette skaper ein urimeleg situasjon: Statnett gjennomfører tiltak for å løyse behov i andre delar av landet, medan store delar av kostnadene av desse tiltaka blir liggjande igjen i Vik kommune.

Vik kommune meiner dette er prinsipielt feil.

Kostnader for nasjonale behov må ikkje bli lokale kostnader

Når Statnett gjennomfører tiltak som er grunngeve i nasjonale eller regionale behov, bør kostnadene ved desse tiltaka også berast på rett nettnivå. Det gjeld ikkje berre anlegga Statnett sjølv byggjer, men også naudsynte kostnader som blir utløyste i underliggjande nett som ei direkte følge av Statnett sine behov.

Dersom Statnett kan flytte, endre eller bryte eksisterande tilknytingar utan å bere kostnadene dette påfører andre, oppstår ei uheldig og urimeleg kostnadsforskyving. Lokale nettkundar kan då bli sitjande med rekninga for tiltak dei ikkje har utløyst, ikkje har nytte av i same grad, og i liten grad har hatt reell påverknad på.

For Vik kommune er dette særleg krevjande fordi kommunen allereie er vertskap for store kraft- og nettanlegg. Lokalsamfunnet ber areal- og naturkonsekvensane av utbygginga. Dersom innbyggjarar og lokalt næringsliv i tillegg skal bere kostnader som eigentleg er utløyste av andre delar av landet gjennom Statnett sine tiltak i transmisjonsnettet, svekkjer det legitimiteten til både prosjektet og den vidare nettutviklinga.

Det er ikkje rimeleg at ein kommune som stiller areal og natur til disposisjon for nasjonal infrastruktur, samstundes får ein lokal økonomisk belastning for tiltak som primært skal løyse behov utanfor kommunen.

Behov for vilkår om kostnadsdekning

Vik kommune meiner NVE må sikre at kostnadsansvaret blir plassert hjå den aktøren som utløyer kostnadene. I denne saka er det Statnett sine planar og tiltak i transmisjonsnettet som utløyer behovet for tilpassingar i Sygnir sitt nett.

Kommunen ber difor om at det blir teke inn vilkår i Statnett sin anleggskonsesjon om at Statnett skal dekkje naudsynte og dokumenterte kostnader som Sygnir AS blir påført som direkte følge av Statnett sine konsesjonsgjevne tiltak i Vik kommune. Dette omfattar kostnader som er naudsynte for å oppretthalde eksisterande funksjonell tilknyting til overliggjande nett, inkludert naudsynte tiltak i underliggjande regional- og distribusjonsnett. Kostnadsansvaret skal vere avklart før Statnett gjennomfører tiltak som bryt, flyttar eller endrar eksisterande tilknytingar.

Eit slikt vilkår vil ikkje hindre framdrift i naudsynt nettutvikling. Tvert imot meiner Vik kommune at dette vil bidra til meir ryddige prosessar, færre konflikhtar og betre insentiv til å finne samfunnsmessig rasjonelle løysingar på tvers av nettnivå.

Lokal aksept og vidare nettutbygging

Noreg treng raskare nettutbygging. Det krev lokal aksept. Lokal aksept blir svekt dersom vertskommunar opplever at dei både må bere naturinngrep og lokale kostnader for tiltak som primært er utløyste av nasjonale behov.

Vik kommune ønskjer å bidra konstruktivt til utvikling av kraftsystemet. Kommunen er likevel oppteken av at kostnader og ulemper blir fordelte på ein rettferdig måte. Når tiltak i transmisjonsnettet skaper behov for nye investeringar lokalt, må ikkje rekninga skyvast over på lokale nettkundar.

Konklusjon

Vik kommune ber difor om at NVE gjer om vedtaket, eller oversender klagen til Energidepartementet, med tilråding om at det blir sett vilkår i Statnett sin anleggskonsesjon om kostnadsdekning.

Vik kommune ber konkret om at:

1. Statnett blir pålagt å dekkje naudsynte og dokumenterte kostnader Sygnir blir påført som direkte følge av Statnett si omlegging av nettet i Vik kommune.
2. Kostnadsansvaret skal avklarast før Statnett gjennomfører tiltak som bryt, flyttar eller endrar eksisterande tilknytingar til underliggende nettnivå.

Vik kommune understrekar at klagen ikkje er retta mot naudsynt utvikling av kraftsystemet. Klagen gjeld behovet for ei rettferdig og føreseieleg kostnadsfordeling, slik at lokale kundar og vertskommunar ikkje blir sitjande med kostnader som er utløyste av Statnett sine tiltak og nasjonale behov.

Med helsing
Roy Egil Stadheim
Ordførar i Vik kommune